

Tid og stad:	30. november – 2. desember 2018, Torggata 1, Oslo.
Til stades:	Christina Babington, Karianne Fremo Sveistrup, John-Erik Forland Mo, Lisa Holmås, Kaja Mæsel Wadkin, Morti Kvisvik, Sarah Fabricius Jul-Rasmussen, Kristine Berg Evensen (2. vara), Kjetil Vesteraas (daglig leiar) til stades sak 90/18 e), 94/18, 99/18 og 100/18.
Gjester:	Beate Torkildsbyen (prosjektleiar) til stades ved sak 90/18 f), Halima Namubiru (prosjektkoordinator), Abdi (prosjektleiar) til stades ved sak 101 b, 93/18.
Forfall:	Alle saker: Johan Patrick Olsen (1. vara) Astrid Bergheim Kringstad (3. vara) John-Erik Forland Mo ved sak 90/18 e), 91/18, 92/18, 99/18, deler av sak 100/18. Kaja Mæsel Wadkin og Kristine Berg Evensen ved sak 101 b), 93/18, deler sak 98/18.
Saker:	SST 89 – 101/18
Vedlegg:	

SST 89/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling blei sendt ut 8. november. Saksliste blei sendt ut 23. november. Dette er i tråd med vedtatt forretningsorden.

I etterkant blei det sendt ut 2 saker 28. november, sak 99/18 og 100/18. Styret blei enig om å legge desse til sakslisten.

Vedtak: Innkalling og saksliste vert godkjend.

SST 90/18 Referatsaker

a) Referater

1. Sentralstyremøte, 19. – 21. oktober 2018, Oslo
2. E-postsak, retningslinjer for demonstrasjoner for lokallag

Styret diskuterer: Kan korte ned på referata i framtida, og heller skrive ein oppsummering av diskusjonen. Trenger ikkje å nemne kven som kom med kva argument med namn, heller forslag.

Medlemsundersøkjelsen mangler, og juba har hatt barnekonserter, men ikkje med barneaksjonen sidan dette tilhøyrer FOURUT.

Vedtak: Sentralstyrefeferatene vert godkjend med redaksjonelle endringar.

b) Sidan sist

Styret tek ein runde på kva dei har gjort sidan førrige møte.

John-Erik: vert i 2 møte med arbeidsgruppa for ny skuleringstruktur, skreve årsrapport for Juvente Bjørgvin for 2017.

Kaja: 2 kolon oppdrag, kvit jul stand i Kristiansand, hatt lokallagsaktivitet, skrevet til motiv.

Karianne: kolon skulering, ringjerunde, kolon stand på austlandske lærarstemne, jobba med medlemsundersøkelse, Kolon oppdrag i Tromsø.

Kristine: Kolon oppdrag, hatt lokallagsaktivitet, kvit jul stand i Kristiansand

Lisa: PK på kolonskulering, skrevet referat, ringjerunde

Sarah: Kolon skulebesøk, PK kolon skulering, Skjenkekontrollskulering, skrevet til motiv, promotert Juvente.

Morti: PK på kolon skulering, kolon skulebesøk, kolon stand på austlandske lærarstemne, ringerunde på kontoret, endå eit kolonbesøk, lokallagsaktivitet, representert Juvente på status hatprat.

Vedtak: Teke til orientering.

c) Nytt frå andre organisasjonar

Dei som representerer Juvente i andre organisasjonar orienterer viss det er noko å melde frå desse.

Juba (Karianne): Skal ha styremøte neste helg. «Hvem er norgesmester» prosjektet går bra, mange skuler påmeldt. Litt få betalende medlemmer, men skal gå greit. Kulturverksted arrangert med 150 kids påmeldt (kinda sjukt). Skal diskutere kor mykje ruspolitikk medlemsbladet deira skal ha sidan bladet er retta mot barn. Skal ha landsmøte og 10 års jubileum. Juba skal undersøke sine aksjar i Solberg tomta.

IOGT (Morti): Skal ha styremøte og fellesmøte med regionene neste helg. Planlagt styremøter ut året. Tilbakemelding på medlemsundersøkelsen, lagd forslag til frivillig strategi. Morti skal delta på neste styremøte. Dei skal også gjennomføre sal av Solberg tomta

DNT – Edru Livsstil (John-Erik): Hatt møte som overlappa med sentralstyremøte, ellers har ikkje observatør eller vara blitt orientert.

FORUT (Christina): «Vervefest i hundre» går etter planen. «barneaksjonen» og «skoleløpet» går etter planen. NORAD søknaden blei innvilga. Fått kommentar på at Juvente verver lite fadderer til Forut (noko fleire i styret føler ikkje stemmer heilt.

Actis: Skal ha eit seminar 12. desember «Forebygging etter rusreformen».

Vedtak: *Teke til orientering.*

d) Leiar's rapport

Leiar orienterer om kva ho har gjort sidan førige møte.

Medlemsundersøkjelesen har per no fått 45 svar, skal gjennomgå dette på sentralstyremøtet etter jul.

Leiar kommenterer at det ikkje er optimalt at hun brukar tid på Kolon-opppdrag, styret understrekar dette.

Vedtak: *Teke til orientering.*

e) Daglig leiar's rapport

Daglig leiar orienterer.

Vedtak: *Teke til orientering.*

f) Rapport frå prosjekta

Prosjektleiarane orienterer om prosjekta, sjå eigen rapport.

Skjenkekontrollen (Beate): Skal lage 3 reklamefilmer, får ny svindyr nettstad og app der alt blir automatisert. Ein kan enkelt hente ut statestikk, sende inn rekneskap, osv. Ynskjer å ha den nasjonal skuleringa i april i staden for på hausten, slik at fleire kan delta og få skulering, og kickoff blir tidligare på året.

Tilbakemelding frå styret: dersom skuleringa blir flytta, kan hausten riskiere å bli veldig tom, ta hensyn til dette og planlegg med Iselin og hennar skuleringar.

Ruspolitisk toppskulering (Beate): Actis er ikkje heilt fornøyd med resultatet og ikkje så keen på å forsette. Resten av budsjettet for 2019 vil bli brukt på skulere sentralstyret med ca 1 foredrag per møte. Tanken er sentralstyremedlem skal sitte med kunnskapen til å kunne stille til intervju og skrive lesarinnlegg dersom ein ynskjer det. Actis, i tillegg til Beate, har og tilbydt seg å følgje opp enkelte deltakar frå toppskuleringa tidlegare, dersom dei ynskjer å forsette å auke kunnskapsnivået sitt.

Edruss (Abdi): Prosjektleiar Abdi introduseres for styret

Mange fristar og lite tid til å gjennomføre dei. Mykje stress på dei ansatte.

Kolon (Iselin): Prosjektkoordinator Halima presenteres for styret.

LOSO (Ida): Podcast verker kult. Podcasten skulle vert lansert fredag 30. november, men leverandør kunne ikkje levere ferdig produkt før neste veke.

Vedtak: *Teke til orientering.*

SST 91/18 Medlemstal- og organisasjonsrapport

Leiar orienterer om medlemstalrapporten på vegne av aktivitetssekretær.

Lokallagsfadderar ilag med sentralstyret må sørge for at medlemmar i lokallaga betaler kontingenta. Styret i lokallaget kan bruke hypersys til sjekke kven som har betalt kontigent i lokallaget og gje beskjed til medlemmar om dette.

Ekstraordinere årsmøte til Oslo er ikkje nemn i rapporten.

Styret må jobbe med korleis me kan holde god kontakt med lokallaga.

Vedtak: Rapporten teke til orientering.

SST 92/18 Oppfølging av lokallag

Styret tar en oppdateringsrunde på lokallagsene og aktivitetslagene)

Vedtak: Teke til orientering.

Til neste møte skal følgande vere i fokus i kontakten med lokallaga:

- 1) Promotere vervekampanjen.
- 2) Arrangere aktiviteter som gjer det attraktivt å ta med nye folk, samt å melde seg inn i Juvente.

SST 93/18 Plan for verving og medlemsvekst

Sidan førige sentralstyremøte har medlemstalet stått ganske stille. Me vedtok på førige møte å ha doble vervepoeng de to første vekene i desember, men dette er ikkje nok. Me må sette i gang fleire tiltak som kan auke vervinga i organisasjonen i 2018. Me må også allereie nå leggje ein plan for korleis me kan auka medlemsvekst i 2019.

Styret diskuterer:

Forslag til kampanjer: verveperiode, verveperiode ilag med vaffeldagen, sentralstyret mot lokallaga, kontoret mot sentralstyret.

Fins 2 typer verving, intern verving, f.eks ein mindre kampanje mellom sentralstyret og kontoret, og ekstern verving som oppfordrer ordinerer medlemmer til å verve.

Juvente har hatt ein del vervekampanjar i det siste som ikkje har funka skikkeleg, me må jobbe for å endre organisasjonskulturen rundt verving. Ha vervekampanjar som alle medlemma kan delta på, ikkje bare dei som deltar på sumarleiren.

Abdi foreslår ein kontoret mot sentralstyret vervekampanje. Styret diskuterer, me kan helde på med kampanjen fram til me når eit internt mål på 30 medlemmer, eller til kampanjen har vart i eit visst antall veker.

Må lage ein plan på korleis me skal takle voksesmertene som vil dukke opp dersom me klarer måla om å ha eit medlemstal på 1200 betalande under 26 i desember 2019.

Nytt Juvente merch

Christina prøver å få tak i notater om Juvente merch frå workshopen på Juventeskulen 2018.

- Godteri
- Refleksar! + Slapwrap refleks med Juvente logo
- krus
- termokopp
- gi ut Juventehettegenser til pk, slik at folk blir gira på å vere frivillig på samlingar

Vedtak: *Sjå eget vedlegg om årsplan*

- 1) Abdi Said får tale- og forslagsrett under styremøte.
 - Einstemmig vedtatt.
- 2) Intern kontoret mot sentralstyret kampanje i januar. Skrives om i motiv etterpå.
- 3) Vervekampanje i mars, superveke.
- 4) Sende ut sms om betaling av kontigent i januar. Sentralstyret pakker kontigentutsendelser på kontoret 1. februar før fellesmøtet.
- 5) Leiar og nestleiar jobber med å hente inn erfaring frå andre organisasjonar, og undersøkje kva kultur dei har for verving, tas til orientering på neste møte.

SST 94/18 Avkriminalisering – kan Juvente støtte seg til Actis?

Sak innsendt på e-post av Lisa Holmås

På kongressen til Actis i April blei det vedtatt å gje støtte til at reaksjonar rundt bruk og besittelse av narkotika skal flyttes frå justissektoren til helsesektoren. Som følgje av dette har styret til Actis valgt å gå offentlig ut med støtte til avkriminalisering av bruk og besittelse av narkotika, samt understreke at dei ynskjer å behalde eit forbud slik som det er i dag og at godt forebyggingsarbeid er viktig. I det politiske programmet for 2017 til 2019 står det at Juvente ynskjer at «heller enn bøter og fengselsstraff, bør personer som tas for bruk og besittelse møtes med helsehjelp eller alternative straffereaksjoner». Per definisjon er dette det samme som ein form for avkriminalisering, men begrepet avkriminalisering står ikkje nemnt nokon stader i Juvente sitt politiske program. Derfor ynskjer eg at sentralstyret skal diskutere dette vedrørande Juvente sin politiske linje i spørsmålet om avkriminalisering. Kan Juvente sitt sentralstyre støtte seg til Actis sin holdning i dette spørsmålet?

Styret diskuterer:

Forskjellege aktørar i rusdebatten definerer begrepet avkriminalisering forskjellig.

Legaliseringsbevegelsen fokuserer ofte på at avhengighetssjuke blir straffa av samfunnet og veldig

stigmatiserte, og vil endre lovverket for å få slutt på ting som bøtelegging. Derimot er lovverket slik at me trenger derimot ikkje å endre lovverket slutte med bøtelegging.

Det er også ofte anna kriminalitet enn å bruke rusmidler tilknytt ein ruskarriere, som gjer at mange rusmisbrukarane ender opp med eit rulleblad fylt av andre lovbrøt enn det å bruke ulovlege narkotiske stoff.

Lisa foreslår at Juvente lager eit nytt begrep og jobbar for å introduserer dette til Actis og i rusdebatten som me definerer som det å flytte straffereaksjonar frå justissektoren til helsesektoren, der me forsett har eit forbod mot cannabis.

Lisa foreslår at sentralstyret utarbeider eit dokument der me utdjuvar problemstillingane med avkriminalisering og kor Juvente står på begrepet avkriminalisering.

Vedtak: *Daglig leiar lager eit utkast til eit dokument på vegne av Juvente, der Juvente stiller krav til korleis rusreformen bør sjå ut i henhold til Juvente sitt politiske program. Utkastet skal vere ferdig til neste sentralstyremøte, der saken blir tatt opp att.*

SST 95/18 Sumarleir oppdatering

Sumarleirkomiteen oppdaterer oss om sumarleiren 2019

Planlegginga gjekk greitt fram til arbeidet brått stoppa opp. Komiteen har mottatt ein leigekontrakt som må godkjennast, men resten av komiteen utanom ein av hovudleiarane har slutta å svare på meldingar.

Komiteen har fått eit til medlem, Jenny Ulla.

Styret diskuterer: Komiteen er *nøyd*t til å kommunisere att, styreleiar kan ringe og minne på kva ansvar komiteen sitter igjen med. Dersom komiteen trenger hjelp, må dei delegere arbeidsoppgåver til styret.

Vedtak:

- 1) *Teke til orientering*
- 2) *Styreleiar og administrasjonen skal følgje opp sumarleirkomiteen betre i framtida.*

SST 96/18 Motiv #01.19

Me må allereie no begynne å tenke på innhaldet til neste Motiv.

Forslag til tema: Prosjekt

Styret diskuterer innhaldet i motiv (sjå eget vedlegg)

Variere utforminga og formatet på forklaringa av kvart prosjekt slik at det ikkje er ein haug med tungt lesestoff midt i bladet.

Me bør jobbe meir mot at medlemsbladet vårt skal reflektere medlemsmassen.

Vedtak:

Tema: prosjekt.

Motiv (01.19) – Deadline 1. februar (unntak av saker som omhandler Juventeskulen).
Sendes til trykk like etter juventeskulen.

Motiv (02.19) - Deadline 20. mai
Sendes til trykk i starten av juni.

Motiv (03.19) – Deadline 01. juli (unntak av saker som omhandler sumarleiren)
Sendes til trykk i slutten av august.

Motiv (04.19)
Sendes til trykk i midten av november.

SST 97/18 Oppdatering frå arbeidsgruppe – skuleringstruktur

Arbeidsgruppa for skuleringstruktur legger fram det dei har jobba med fram til no. Sentralstyret kommer med eventuelle tilbakemeldinger.

Jobber mykje med dokumentering og sertifisering, for augneblinken sitter Sondre med mesteparten av hovudansvaret og utarbeidinga av skuleringen.

Styret diskuterer: dokumentet er velformulert og forståeleg, men samtidig er det vanskeleg for styret å få innblikk i kva som skjer utan ein utdjupande rapport. Styret ser at det har blitt lagt ned mykje bra arbeid men saknar ein innføring i kva rapporten betyr.

Vedtak:

Saken utsettes til neste møte på grunnlag av at sentralstyret vil ha større innblikk i kva som har blitt gjort i utvalget, kva innhaldet i rapporten betyr og kva utvalget vil gjere vidare.

SST 98/18 Årsplan 2019

Me må allereie no begynne å planlegge Juventeåret 2019.

Det er allereie satt opp nokon datoar som me må merke oss:

- 18 – 20. januar Kolon-leiarhelg
- 2. februar – fellesmøte med Juba, Forut og IOGT
- 15 – 18. februar – Juventeskulen
- 1 – 2. juni landsmøte IOGT
- 21 – 23. juni landsmøte DNT – Edru livsstil
- 23 juli – 3. august – Rettvest 2019 (Juventes sumarleir og landsmøte)
- 9 – 11. august Juba landsmøte

Vedtak: (Sjå eget vedlegg)

Datoane for dei neste sentralstyremøtane blir:

- 2. februar - 3. februar, fellesmøte med Juba, Forut og IOGT
- 29. mars – 31. mars, utvida møte med lokallaga
- 30. mai. – 2 juni, hyttemøte, landsmøteforberedande

99/18 – Salg av tomt ved Porsgrunn («Kosevik»)

Juvente eig ein tomt ved Porsgrunn (inntil tidligere solgt hytteiendom «Kosevik») som tidlegare er vedtatt solgt. Eigedommen blei lagt ut for sal for kort tid sidan, med ein prisantydning på kr. 1.890.000. Me har mottatt bod på kr. 2.300.000. Våre konsulentar i Sober Invest meiner at dette tilbodet kan akseptierast. Ettersom Juventes lovverk krev styregodkjenning for sal av eigedommen ber daglig leiar om at styret bekreftar dette med eit vedtak.

Vedtak: Juventes sentralstyre godkjenner salg av tomt ved Porsgrunn, 805-1/42 til kr. 2.300.000 + omkostningar.

100/18 Nedleggelse av inaktive lag

Det tidlegare NGU-laget «Godtemplarungdomslaget Samhold» anses å vere ikkje-eksisterande. Laget finnes ikkje i medlemssystemet HyperSys, og har som følgje ingen tilknytt medlemmer. Det føreligger ingen rapporter frå laget, og kun eit eldre medlem i lagets geografiske område (som er direktmedlem i Møre og Romsdal).

Juvente Follo har vært inaktivt sidan 2016, og det anbefalast at laget blir lagt ned, slik at me kan rydde opp i kontoar.

Vedtak: «Godtemplarungdomslaget Samhold» legges ned. Juvente Follo legges også ned.

SST 101/18 Eventuelt

a) Oppdatering frå stand arbeidsgruppen

Har begynt å jobbe på eit dokument og komt med litt ideer, men generelt har lite blitt gjort og gruppen må skjerpe seg.

Vedtak: Arbeidsgruppen skal ha utarbeida eget mandat, i tillegg til å lage eit utkast til retningslinjer for stands i regi av Juvente innan neste styremøte.

b) Børspremier

Vedtak: Sarah lager eit forslag til børspremier 2019, deadline 15. desember. Styret tar dette som ein e-postsak.

c) Ting til nettstaden

Vedtak:

- 1) Lisa lager standard juvente presentasjon
- 2) Morti lager kreative aktiviteter til aktivitesbanken
- 3) Karianne, evt Christina skriver saker om enkeltmedlem
- 4) Lisa tar hovedansvar for å lage standard sjenkekontroll presentasjon, Sarah bidrar dersom det trengs.